

Hordaland Fylkeskommune  
Voss kommune  
Hordaland Fotballkrets  
Trond Mohn  
Sparebanken Vest

Hordaland fylkeskommune

26 JAN 2015

### **Nyttårsbrev frå Fotballklubben Voss**

Det er ikkje vanleg at Fotballklubben Voss skriv nyttårsbrev og det vert nok heller ikkje. Grunnen er flaumen på Voss som tok med seg heile «Olabanen» og halve kunstgrasbanen. Difor skriv me dette brevet til alle som har vore med å finansiert banen for å forklare og fortelje.

Banen vart teken i bruk og offisielt opna under Voss Cup med besøk frå både HFK, NFF, Voss kommune, Hordaland Fylkeskommune og Sparebanken Vest. Vi klarte å bygge banen, budsjettet til kr 8,9 mill., til litt i underkant av 8 millionar kroner. Med Hordaland Fylkeskommune med 1 million kroner, Voss kommune med 1 million, Hordaland Fotballkrets, gjennom Mohn-fondet med kr 500.000,- og Sparebanken Vest med kr. 100.000,- så klarte me å få bygd banen.

4 månader seinare såg den slik ut.



Trist syn både for fotball-leiarar og unge spelarar.

Det som har skjedd i etterkant er at me har gitt bort banen til andre som kunne nytta mindre deler og som ikkje var avhengig av at alle stripene låg rett. IL Ørnar, Viljar IL og Bulken IL har fått til ballbingar, Voss Skyttarlag har fått til underlag på standplass, Gullfjordungen grendalag har fått til ballbingen sin, Voss Golfklubb har fått til sitt anlegg, Harry Helgheim frå Sund har fått til eit nærmiljø-anlegg og Voss Paintballklubb har fått til sitt anlegg. Ikkje så gale at det ikkje var godt for noko, altså.

Fotballklubben hadde brann-forsikring, som er grunnlag for all naturskade, på sitt anlegg. Og slik det ser ut no (før forsikringa er utbetalt) så ser det greitt ut. Me kjem nok ut av det, sjølv om me ikkje får dekka alt 100%.

**Planen vidare:**

Begge banene er kondemnert sjølv om kunstgrasbanen ikkje såg ut slik som «Olabanen». Me har brukt 60.-70.000,- kr for å få denne treningsklar for vinteren. «Olabanen» blir liggande til snøen og telen er borte, så vil Unisport kome og legge nytt dekke i mai månad. For å ikkje koma for tett innpå Voss Cup, så utset me nytt dekke på kunstgrasbanen til etter årets jubileumsturneringa. Så vonar me på å bruke juli til å få nytt dekke på denne også.

Flaumen øydela ikkje berre to banar for Fotballklubben Voss, men også våre kontor i kjellaren på Idrettshallen og garasjebygget og kiosken. Me har difor store utfordringar også på dette området.

Den dugnaden som mange har lagt ned i løpet av året, med både bygging og rydding av «Olabanen», har vore enorm og me er glade for at me har mange eldkjeler i klubben.

Ekstra hyggeleg var det då at Hordaland Fotballkrets gjennom Mohnfondet, ga tilslagn om kr 500.000,- til utskifting av dekket på kunstgrasbanen. Det var ei særskilt velkommen jolegåve!

Då har me fortalt litt, forklart litt og forhåpentlig oppklart litt.

Me legg ved ein teikning som viser draumen vår.



Her har me fått hall over kunstgrasbanen og «Olabanen» har fått tribuner. Dette vil men no arbeide for å få realisert.

Vi legg også ved ein minne-penn. Her kan de sjå Sparebanken Vest sin video frå Voss Cup i 2014.

Godt nytt år til alle frå Fotballklubben Voss.